



DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellestråd

Alver kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Malin Helen Andvik

Dato: 23.11.2020

Vår ref: 20/05262-3

Dykkar ref:

Områdereguleringsplan Langelandskogen og tomt til arbeidskyrkje Frekhaug

Meland sokn har i mange år hatt ønske om å bygge ei god og funksjonell arbeidskyrkje sentralt på Frekhaug. Meland sokn si einaste kyrkje er meir enn 150 år gamal, og er plassert langt unna dagens befolkning. Soknet har over 6.000 medlemmer, og stort behov for ei ny kyrkje sentralt på øya.

Meland sokn inngjekk ei intensjonsavtale med Meland kommune om bygging av ny kyrkje, og kommunen bevilga i 2019 inntil 5 mill kr til kjøp av tomt. Dessverre blei det ikkje kjøpt tomt det året. Sjølve intensjonsavtalen er vidareført til Alver kommune, men i rådmannen sitt forslag til Alverbudsjett for 2021 er pengar til kjøp av kyrkjetomt ikkje tatt med.

Eit av områda rundt Frekhaug som kan ha moglegheit til å tilby ei god tomt til ei arbeidskyrkje, er Langelandskogen. Kyrkja si prosjektgruppe har nyleg hatt møte med ansatte i kommunen si planavdeling, og blei då gjort kjent med dei siste planane i frå Multiconsult. I desse er det satt av gode areal til offentlege formål, som kyrkje.

Alver kyrkjelege fellestråd, som følger opp denne saka for kyrkja, ber om å få presentere kyrkja sine tankar om kyrkjetomt i Langelandskogen.

Med helsing

John Fredrik Wallace
Kyrkjeverje

[Click here to enter text.](#)

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Alver kommune, Malin Helen Andvik

Postboks 4

5906 Frekhaug